



Fløysand Va AS
Fløksand
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1876 - 17/15681

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
08.08.2017

Godkjenning - tilkopling til kommunalt vassverk - GBNR 52/43

Administrativt vedtak. Saknr: 220/2017

Saksutgreiing:

Det er i søknad, journalført motteke 14.07.2017 og supplerande dokumentasjon journalført motteke 31.07.2017 og 08.08.2017, søkt om tilkopling til kommunalt vassverk for ein fritidsbustad på eigedomen gbnr 52/43 på Kårbøneset. Eigedomen skal koplast til det kommunale vassverket via felles privat vassleidning som er lagt fram til Kårbøneset hyttegrend.

Eigedomen har gråvassutslepp. Det er ikkje oppgjeve kva toalettøysing eigedomen har.

Plangrunnlag:

Eigedomen ligg i område som i kommuneplanen sin arealdel for Meland er avsett til hytteområde. Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Ansvarsrett:

Ansvarsrett og tiltaksklasse i saka går fram av motteken erklæring om ansvarsrett, journalført motteke 14.07.2017.

Vurdering:

Eigedomen har godkjent gråvassutslepp, med godkjenning i delegert vedtak frå 25.03.09 sak 127/09. Det kan ikkje installerast vassklosett.

Eigedomen skal koplast til det kommunale vassverket via felles privat vassleidning. Denne leidningen vart godkjent etablert 07.11.2016 i sak DNT.368/2016. Det skal nyttast Elvestadrør frå denne leidningen og fram til fritidsbustaden. Kommunen ber om at leidningen vert gravd ned/dekka til der dette er mogeleg, slik at den ikkje vert utsett for skader og er minst mogeleg synleg i terrenget.

Det ligg føre naudsynt dokumentasjon som gjev eigedomen gbnr 52/43 rett til å kopla seg til den private felles vassleidningen.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Administrasjonen har ingen merknader til at eigedomen vert tilknytt det kommunale vassverket.

Vedtak

«Meland kommune godkjenner at fritidsbustad på eigedomen gbnr 52/43 vert tilknytt kommunalt vassverk i samsvar med søknad, journalført motteke 14.07.2017 og supplerande dokumentasjon journalført motteke 31.07.2017 og 08.08.2017 på følgjande vilkår:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" – Kommuneforlaget.
- Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknyttinga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2017 er tilknytingsgebyret for vatn kr 20 000,- pluss mva, per bueining.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf pbl § 23-3.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om vass- og kloakkavgifter og plan- og bygningslova»

Faktura på tilknytingsgebyr vert ettersendt til tiltakshavar.

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart

Kopi til:

Audun Øiestad

Ekornvegen 9 A 5236

RÅDAL

Mottakere:

Fløysand Va AS

Fløksand 5918

FREKHAUG